



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Utval for helse og skule	11.03.2009	010/09	HV

Saksansvarleg: Bjørg Lie
Oppfølgingsansvar:

Arkiv: RP-

Arkivsaknr.: 09/66
Tidsfrist:

SVAR PÅ HØYRING OM LOV OM SOSIALE TENESTER I ARBEIDS OG VELFERDSETATEN

Vedlegg: Høyringsdokument og oversendingsbrev
Framlegg til ny lovtekst

Saksomtale: Rådmannen viser til framlegga.. Dette er eit svært viktig område sett med kommunen sine augo. I løpet av 2010 vil NAV vere etablert over heile landet. Hovudmåla for NAV-reforma er å få fleire i arbeid og aktivitet og færre på trygd. NAV-kontora tilbyr tenester som tidlegare vart gjevne av dei to statlege etatane Aetat og trygdeetaten, i tillegg til deler av sosialtenestene som før var knytte til dei kommunale sosialkontora.. For å støtte opp under NAV-reforma sine målsettingar kjem departementet med framlegg om å samle i ei eiga lov dei kommunale tenestene som skal inngå i NAV-kontoret. Lovforslaget vil være ei sentral velferdslov og regulere teenester som i stor grad skal dekke grunnleggjande behov. Den sentrale rolla desse tenestene har for den enkelte gjer det svært viktig å utforme regelverket på en slik måte at rettstryggleiken vert sikra.. Det vert difor gjort framlegg om å innføre tilsyn med tenestene etter lov, inkludert plikt til internkontroll for kommunen på dei same forvaltningsområda.

Med Stortingets tilslutning til St.prp. nr. 46 (2004-2005) Ny arbeids- og velferdsforvaltning vart NAV-reforma vedteke

Nokre av hovudpunkta i reformene er:

- Meir fleksibel og betre samordna bruk av virkemidlar, slik at virkemidlane skal kunne nyttast ut frå den einkilde sine behov for å koma i arbeid
- Meir arbeidsretta tiltak og tenester for å senke tersklane inn i arbeidslivet og heve tersklane ut av arbeidslivet, inkludert tilpassa tiltak for personar med nedsett funksjonsevne og innvandrarar.
- Eit nytt kvalifiseringsprogram med tilhøyrande kvalifiseringsstønad
- Omlegging frå passiv stønadsforvaltning til aktive tiltak og oppfølging
- Innføring av arbeidsevnevurdering som arbeidsverktøy for arbeids- og velferdsforvaltninga

Det statlige ansvaret som var delt på to etatar, Aetat og Trygdeetaten, er nå samla i ein etat, Arbeids- og velferdsetaten. Kommunane skal fortsatt ha ei

sentral rolle i arbeids- og velferdspolitikken og beheld sitt ansvar for oppgaver etter sosialtenestelov. Arbeids- og velferdsforvaltninga skal ivareta brukarane sine samla behov for bistand gjennom dei felles NAV-kontora. På den måten skal ein unngå å gjera brukarane til kasteballar mellom offentlege kontor, sjølv om ansvaret fortsatt vil vere delt mellom staten og kommunane.

Ved innføring av en ny midlertidig inntektssikring fra 1. oktober 2009, arbeidsavklaringspengar, som overtek for rehabiliteringspengar, attføringspengar og tidsavgrensa uførestønad, vris fokus frå yting til individuelt tilpassa oppfølging. Saman med forenkla tiltaksstruktur, som foreslått i Arbeids- og inkluderingsdepartementet sitt framlegg til ny tiltaksforskrift, vil det bli lettare å tilpasse bistanden til brukarane sine individuelle behov. Den arbeidsretta bistanden vil ikkje lenger være avhengig av kva for brukargruppe ein tilhører eller kva for inntektssikring ein har krav på, men den enkelte sine behov. Forenklinga vil også gjera regelverket meir fleksibelt og betre tilpassa den nye organiseringa av arbeids- og velferdsforvaltninga.

Innføring av arbeidsevnevurdering som et standardisert verktøy for kartlegging av den enkelte sin arbeidsevne, vil styrke arbeids- og velferdsforvaltninga ss evne til å finne fram til målretta tiltak som kan hjelpe den enkelte til å få, eller behalde arbeidet.

I Ot.prp. nr. 70 (2006-2007) kom framlegget til lov om kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad, foreløpig som et nytt kapittel 5A i sosialtenesteloven. Lova vart vedteke hausten 2007 og sett i verk 1. november same år. Formålet er å gje personar som over en lengre periode har hatt svak tilknytning til arbeidsmarknaden betre mogelegheit til å koma i arbeid. Tilbodet er meint for personar som har behov for tett og forpliktande bistand og oppfølging. Sjølv om ikkje alle deltakarene vil nå målet om å komme i arbeid, vil deltaking i programmet kunne bidra til betre livskvalitet og funksjonsevne. Innføring av en standardisert inntektssikring, knytt til deltaking i programmet, liknar ei lønnsyting, og kan bidra til auka oppleving av verdi og sjølvkjensle. Utarbeiding av tilbod og gjennomføring av kvalifiseringsprogram krev eit nært samarbeid mellom kommunen og Arbeids- og velferdsetaten.

Departementet ønskjer med dette lovforslaget å tydeliggjera samanheng mellom sosialpolitiske og arbeidsmarknadspolitiske verkemidlar. Departementet ser det som hensiktsmessig at kommunale tenester som skal inngå i NAV-kontoret etter arbeids- og velferdsforvaltningslova § 13 blir skilt frå andre kommunale oppgaver og forankra i eiga lov. Lovforslaget vil vere betre tilpassa dagens organisering av arbeids- og velferdsforvaltninga, og støtte opp under NAV-kontoret som ei samla eining som bygger opp under det felles ansvaret som stat og kommune har for tenester og resultat i NAV, samt plikta til å samarbeide til beste for brukarane.

Av konkrete endringar gjer ein framlegg om å innføre tilsyn med tenestene økonomisk stønad og kvalifiseringsprogram. Samtidig gjer ein framlegg om å lovfeste plikt til internkontroll på dei same forvaltningsområda. Reglar om tilsyn og internkontroll for NAV-kontoret si forvaltning av sosiale tenester vil ha som hovudformål å styrke brukarane sin rettstryggleik ved å kontrollere at styringssystema til verksemdene sikrar at sakshandsaminga følgjer gjeldande

regelverk, i tillegg til å sjå til at verksemda ved sin internkontroll innrettar dei sosiale tenestene mot dei rette målgruppene, og at det skjer ei samordning av sakshandsaminga internt i NAV-kontoret og mot andre tenesteområde. Lovforslaget legger tilsynsansvaret til fylkesmannen.

Departementet gjer framlegg om å modernisere omgrepa enkelte stader, men dette medfører ingen materielle endringar. I tillegg gjer departementet framlegg om lovfesting av gjeldande rett, ved å ta inn at tenestene som vert gjevne etter lovforslaget skal være forsvarlege.

Departementet legger til grunn at forslaget i utgangspunktet ikkje vil ha administrative og økonomiske konsekvensar for kommunane og fylkesmannsembeta ut over kostnadene ved å føre tilsyn.

Rådmannen vil legge til at for vår kommune sitt vedkomande, så har overføring av dei kommunale tenestene innom sosialområdet ført til ein klar kostnadsauke. Dette skjer dels fordi lønenivået har gått opp knytt til harmoniseringsbehov i det nye arbeidsfellesskapet, dels fordi kurs og kompetanseutviklingskostnadene i den nye organisasjonen er vesentleg høgare enn tidlegare, og i tillegg fordi driftskostnadene generelt har gått opp i høve til tidlegare kommunal standard på lokale, inventar og utstyr.

I tillegg er vi urolige for kva den nye organiseringa vil få å seia for kostnadsutviklinga når det gjeld sosialstønader. Det kan gå to vegar. Introduksjonen av kvalifiseringsprogrammet kan ha positiv effekt, og gje reduserte sosialstønadsutbetalingar. Samstundes kan både auka behov for utbetalingar frå tidlegare trygd og særleg frå tidlegare a-etat, saman med felles leining for dei statlege og kommunale stønadsordningane, gjera vegen inn til sosialtenesta lettare å gå og gjennom det gje høgare sosialstønadsutbetalingar. Alt dette er viktige konsekvensar sett frå ein inntektssvak kommune.

Rådmannen oppfattar lovformuleringa ”Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen” som eit lite presist og lite egna formulering. Eit alternativ som tok utgangspunkt i dei kommunale tenestene i staden for kommunen, ville truleg vore betre. Teksten vil da bli ”Kommunale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen”.

**Rådmannen
tilrår:**

1. Bø kommune ser i utgangspunktet positivt på framlegget til ny lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen, men vil peike på at effekten på den kommunale økonomien må følgjast opp i samband med evaluering av ordninga.
2. I lovteksten bør formuleringa ”Kommunen i arbeids- og velferdsforvaltningen” byttast ut med ”Kommunale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen”.

HS-010/09

Vedtak:

Som tilrådinga frå rådmannen. Samrøystes.

Rett utskrift

Dato: 13.03.2009

Kopi til:

Helge Vreim – for vidare oppfølging